

HARAM KOMMUNE
Kontrollutvalet

MØTEINNKALLING

Kopi til: Ordføreren
Revisor
Rådmannen

Medlemene av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I HARAM KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

torsdag 03.06.2010 kl. 14.00
på Haram rådhus

SAKLISTE:

- Sak 05/10 - Godkjenning av møtebok frå møte 19.05.2009
- ” 06/10 - Årsmelding 2009 - Haram kommune
- ” 07/10 - Kommunerekneskapen 2009 - Haram kommune
- ” 08/10 - Rekneskap 2009 – Ingebrikt Davik - huset KF

Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post kontrollutval@kontrollutval.no

Astrid Ahrens
leiar
(sign.)

KONTROLLUTVALET I HARAM KOMMUNE

MØTEBOK

Møtedato: 19.05. 2010, kl. 10.30
Møtestad: Haram rådhus

Møtet vart leia av: Svein Harsjøen

Elles til stades:

Astrid H. Ahrens og Villy Alvestad

= 3 voterande

Frå kontrollutvalsekretariatet møte:
Dagleg leiar Harald Rogne

Frå kommunerevisjonen møte:
Dagleg leiar Kjetil Bjørnsen

Frå Haram kommune møte:

Ordførar Bjørn Sandnes

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

SAK 01/10

GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 25. NOVEMBER 2009

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå kontrollutvalet sitt møte den 25. november 2009 blir godkjent.

SAK 02/10

B – SAK, BREV NR. 1/2010 FRÅ KOMMUNEREVISJONEN

Saksutgreiing datert 18.05.2010 frå kontrollutvalsekretariatet

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Kontrollutvalet viser til forholda nemnt i kommunerevisjonen sitt brev nr. 1/2010 av 29.03.2010 m/vedlegg vedkomande forhold knytt til fakturering til IKT-avdelinga i Haram kommune og rådmannen si handtering av desse.

Kontrollutvalet meiner desse forholda åpenbart burde ha vore handtert på ein annan måte.

2. Kontrollutvalet viser vidare til kommunelova §23 og rådmannen sitt ansvar for den interne kontrollen i kommunen og ber om gjennomgang og innskjerping av innkjøpsrutinane.

SAK 03/10

OPNE MØTE I KONTROLLUTVALET (Saka kom opp under eventuelt)

Temaet vart drøfta.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek ikkje stilling til saka på det noverande tidspunktet.

SAK 04/10

OPPFØLGING AV KOMMUNESTYREVEDTAK (Saka kom opp under eventuelt)

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Saka blir å kome tilbake til.

Svein Harsjøen
leiar
(sign.)

Astrid H. Ahrens
medlem
(sign.)

Villy Alvestad
medlem
(sign.)

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 01.06.2010

**SAK 06/10
ÅRSMELDING 2009 – HARAM KOMMUNE**

Som vedlegg følger:

- Årsmelding 2009 – Haram kommune

Etter § 10, 3. ledd i forskrift om årsrekneskap og årsmelding, skal administrasjonssjefen innan 31. mars utarbeide årsmelding, og fremje denne for det organ kommunestyret bestemmer. Dersom årsmeldinga ikkje blir fremja for kontrollutvalet, skal den oversendast kontrollutvalet før kontrollutvalet gir sin uttale til årsrekneskapen.

Årsmeldinga skal ligge føre til behandling i kommunestyret samstundes med at årsrekneskapen blir behandla.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

Kontrollutvalet tek årsmelding 2009 for Haram kommune til orientering.

Harald Rogne
dagleg leiar

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 01.06.2010

**SAK 07/10
KOMMUNEREKNESKAPEN 2009 – HARAM KOMMUNE**

Som vedlegg følger:

1. Revisjonsmelding til kommunerekneskapen 2009 - Haram kommune
2. Haram kommune - kommunerekneskapen 2009

Av Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 7, framgår det at kontrollutvalet skal gje (desisjons-) uttale om årsrekneskapen til kommunestyret før årsrekneskapen blir vedtatt. Kopi av kontrollutvalet sin uttale skal vere formannskapet i hende før formannskapet gjev si innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret.

Kontrollutvalet skal kontrollere at årsrekneskapen er ført i samsvar med lover og reglar og om kommunestyret sine målesetjingar er oppfylt. Kontrollutvalet kan følgjeleg føreslå endringar i årsrekneskapen, dersom det er skjedd føringar i strid med gjeldande regelverk. Grunnlaget for behandlinga har vore den avlagte årsrekneskapen, revisjonsmeldinga og administrasjonssjefen si årsmelding. I tillegg har ansvarleg revisor og administrasjonen supplert kontrollutvalet med relevant informasjon.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slik

uttale:

Haram kommune sin rekneskap for 2009 blir godkjent

Harald Rogne
dagleg leiar

Vår sakshandsamar:
Solrun A. Tusvik

Vår dato:
31.05.2010
Dykkar dato:

Vår referanse:
Dykkar referanse:

Kommunestyret
i Haram kommune

Kopi: Kontrollutvalet
Formannskapet
Rådmannen


REVISJONSMELDING 2009 – HARAM KOMMUNE

Vi har revidert årsrekneskapen for Haram kommune for rekneskapsåret 2009, der driftsrekneskapen viser kr 329 790 233,14 til fordeling drift og eit rekneskapsmessig meir-/mindreforbruk på 0,-. Vi har også revidert dei budsjettvedtak og disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen. Vidare har vi revidert opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen. Årsrekneskapen er sett saman av driftsrekneskap, investeringsrekneskap, balanserekneskap, økonomiske oversikter og noteopplysningar. Kommunelova med tilhøyrande rekneskapsreglar i forskrift om årsrekneskap og årsmelding, og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg, er nytta ved utarbeidinga av rekneskapen. Årsrekneskapen er lagt fram av kommunen sin fagsjef for rekneskap og rådmannen. Årsmeldinga er lagt fram av rådmannen. Vår oppgåve er å uttale oss om årsrekneskapen og andre forhold i samsvar med kommunelova og forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar mv.

Vi har utført revisjonen i samsvar med kommunelova, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, med tilhøyrande revisjonsstandardar vedtekne av Den norske Revisorforening. Revisjonsstandardane krev at vi planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tilstrekkeleg tryggleik for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjon omfattar kontroll av utvalde delar av materialet som underbygg informasjonen i årsrekneskapen, vurdering av dei nytta rekneskapsprinsippa og vesentlege rekneskapsestimat, og vurdering av innhaldet i og presentasjonen av årsrekneskapen. I den grad det følgjer av god kommunal revisjonsskikk, omfattar revisjon også ein gjennomgang av kommunen si økonomiforvaltning og den interne administrative kontroll. Vi meiner at vår revisjon gir eit forsvarleg grunnlag for vår uttale.

Vi meiner at

- Årsrekneskapen er avlagt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit uttrykk for Haram kommune si økonomiske stilling 31. desember 2009 og for resultatet i rekneskapsåret i samsvar med god kommunal rekneskapsskikk i Noreg
- dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak, og at beløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett
- leiinga har oppfylt si plikt til å sørje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg
- opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og i samsvar med lov og forskrifter.


Kjell Bjørnsen
dagleg leiar

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 01.06.2010

**SAK 08/10
REKNESKAP 2009 – INGEBRIKT DAVIK – HUSET KF**

Som vedlegg følger:

1. Revisjonsmelding til rekneskapen for 2009 – Ingebrikt Davik-huset KF
2. Rekneskap 2009 – Ingebrikt Davik-huset KF

Av Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 7, framgår det at kontrollutvalet skal gje (desisjons-) uttale om årsrekneskapen til kommunestyret før årsrekneskapen blir vedtatt. Kopi av kontrollutvalet sin uttale skal vere formannskapet i hende før formannskapet gjev si innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret.

Kontrollutvalet skal kontrollere at årsrekneskapen er ført i samsvar med lover og reglar og om kommunestyret sine målesetjingar er oppfylt. Kontrollutvalet kan følgjeleg føreslå endringar i årsrekneskapen, dersom det er skjedd føringar i strid med gjeldande regelverk. Grunnlaget for behandlinga har vore den avlagte årsrekneskapen, revisjonsmeldinga og administrasjonssjefen si årsmelding. I tillegg har ansvarleg revisor og administrasjonen supplert kontrollutvalet med relevant informasjon.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slik

uttale :

Ingebrikt Davik-huset KF sin rekneskap for 2009 blir godkjent.

Harald Rogne
dagleg leiar

Kommunerevisjonsdistrikt nr. 3 i Møre og Romsdal IKS

Vår sakshandsamar:
Solrun A. Tusvik

Vår dato:
27. mai 2010
Dykkar dato:

Vår referanse:
Dykkar referanse:

Kommunestyret
i Haram kommune


REVISJONSMELDING 2009 – INGEBRIGT DAVIK-HUSET KF


Vi har revidert særrekskapskapen for Ingebrigt Davik-huset KF for rekneskapsåret 2009, som viser eit netto driftsresultat på kr 269 081,99 og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 9 222,44. Vi har også revidert dei budsjettvedtak og disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapskapen. Vidare har vi revidert opplysningar i årsmeldinga om særrekskapskapen. Særrekskapskapen er sett saman av ein driftsdel, balanserekneskapskap, noteopplysningar og pliktige budsjettopplysningar. Kommunelova med tilhøyrande rekneskapsreglar i forskrift om særbudsjett, særrekskapskap og årsmelding for kommunale og fylkeskommunale føretak og god kommunal rekneskapskikk i Noreg, er nytta ved utarbeidinga av rekneskapskapen. Særrekskapskapen er lagt fram av føretaket sin daglege leiar og styret. Vår oppgåve er å uttale oss om særrekskapskapen og andre forhold i samsvar med kommunelova og forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar mv.

Vi har utført revisjonen i samsvar med kommunelova, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, med tilhøyrande revisjonsstandardar vedtekne av Den norske Revisorforening. Revisjonsstandardane krev at vi planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tilstrekkeleg tryggleik for at særrekskapskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjon omfattar kontroll av utvalde delar av materialet som underbygg informasjonen i særrekskapskapen, vurdering av dei nytta rekneskapsprinsippa og vesentlege rekneskapsestimater, og vurdering av innhaldet i og presentasjonen av særrekskapskapen. I den grad det følgjer av god kommunal revisjonsskikk, omfattar revisjon også ein gjennomgang av føretaket si formuesforvaltning og rekneskaps- og internkontroll-systema. Vi meiner at vår revisjon gir eit forsvarleg grunnlag for vår uttale.

Vi meiner at

- særrekskapskapen er avlagt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit uttrykk for føretaket si økonomiske stilling 31. desember 2009 og for resultatet i rekneskapsåret i samsvar med god kommunal rekneskapskikk i Noreg
- dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapskapen er i samsvar med budsjettvedtak
- leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god kommunal rekneskapskikk i Noreg
- opplysningane i årsmeldinga om særrekskapskapen er konsistente med særrekskapskapen og i samsvar med lov og forskrifter.


Kjell B. Bjørnsen
dagleg leiar



HARAM
KOMMUNE

INGEBRIGT DAVIK HUSET KF

REKNESKAP

2009



INGEBRIGT DAVIK HUSET KF

	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Regnskap i fjor
Driftsinntekter:				
Brukerbetaling	30.000,00	115.000,00	115.000,00	0,00
Andre salgs- og leieinntekter	985.567,66	1.075.000,00	1.075.000,00	1.073.255,97
Overføringer med krav til motytelse	981.977,76	420.000,00	420.000,00	977.244,04
Overføringer uten krav til motytelse	3.114.465,00	3.012.000,00	3.012.000,00	3.045.745,00
Sum driftsinntekter	5.112.010,42	4.622.000,00	4.622.000,00	5.096.245,01
Driftsutgifter:				
Lønnsutgifter	1.390.692,79	1.477.000,00	1.477.000,00	1.599.422,57
Sosiale utgifter	315.019,80	435.000,00	435.000,00	375.183,03
Kjøp av varer og tj som inngår i foretakets tj.pro	2.463.425,87	2.614.000,00	2.614.000,00	2.785.790,27
Kjøp av tjenester som erstatter foretakets tj.prod	446.735,50	96.000,00	96.000,00	331.000,00
Overføringer	230.606,47	0,00	0,00	318.910,04
Avskrivninger.	0,00	0,00	0,00	0,00
Fordelte utgifter	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum utgifter	4.846.480,43	4.622.000,00	4.622.000,00	5.410.305,91
Brutto driftsresultat:	265.529,99	0,00	0,00	-314.060,90
Finansposter:				
Renteinntekter og utbytte	3.552,00	0,00	0,00	6.179,00
Mottatte avdrag på lån	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum eksterne finansinntekter	3.552,00	0,00	0,00	6.179,00
Renteutgifter og låneomkostninger	0,00	0,00	0,00	0,00
Avdrag på lån	0,00	0,00	0,00	0,00
Utlån	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum eksterne finansutgifter	0,00	0,00	0,00	0,00
Resultat eksterne finanstransaksjoner:	3.552,00	0,00	0,00	6.179,00
Motpost avskrivninger	0,00	0,00	0,00	0,00
Netto driftsresultat:	269.081,99	0,00	0,00	-307.881,90
Interne finansieringstransaksjoner:				
Bruk av tidligere års regnskapsmessig mindreforbru	0,00	0,00	0,00	48.022,35
Bruk av disposisjonsfond	0,00	0,00	0,00	0,00
Bruk av bundne fond	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum bruk av avsetninger	0,00	0,00	0,00	48.022,35
Overført til investeringsregnskapet	0,00	0,00	0,00	0,00
Avsatt til dekning av tidligere års regnskapsmessi	259.859,55	0,00	0,00	0,00
Avsatt til disposisjonsfond	0,00	0,00	0,00	0,00
Avsatt til bundne fond	0,00	0,00	0,00	0,00
Avsatt til likviditetsreserve	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum avsetninger	259.859,55	0,00	0,00	0,00
Regnskapsmessig merforbruk/mindreforbruk	9.222,44	0,00	0,00	-259.859,55



Hovudoversikt balanse 2009

- 2 -

INGEBRIGT DAVIK HUSET KF

	Regnskap 2009	Regnskap 2008
EIENDELER:		
Anleggsmidler	401,00	0,00
Aksjer og andeler	0,00	0,00
Pensjonsmidler		
Sum anleggsmidler:	401,00	0,00
Omløpsmidler		
Varer	0,00	0,00
Kortsiktige fordringer	539.743,79	277.820,76
Kasse, bankinnskudd	397.753,46	243.616,53
Sum omløpsmidler:	937.497,25	521.437,29
SUM EIENDELER:	937.898,25	521.437,29
EGENKAPITAL OG GJELD:		
Egenkapital		
Regnskapsmessig mindreforbruk (Drift)	9.222,44	0,00
Regnskapsmessig merforbruk (Drift)	0,00	-259.859,55
Kapitalkonto	401,00	0,00
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK Drift	0,00	0,00
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK Invest	0,00	0,00
Sum egenkapital:	9.623,44	-259.859,55
Gjeld		
Langsiktig gjeld	0,00	0,00
Kortsiktig gjeld		
Kassekredittlån	0,00	0,00
Annen kortsiktig gjeld	928.274,81	781.296,84
Premieavvik	0,00	0,00
Sum kortsiktig gjeld:	928.274,81	781.296,84
SUM EGENKAPITAL OG GJELD:	937.898,25	521.437,29

**Driftsrekneskap 2009****INGEBRIGT DAVIK HUSET KF**

	Regnskap 2009	Buds(end) 2009	Regnskap 2008
Ansvar: 7010 Administrasjon			
Kontogruppe: 10 LØN OG SOSIALE UTGIFTER			
3010 LØN I FASTE STILLINGAR	523.370,26	430	820
3059 ANNA LØN OG GODTGJERSLE	3.000,00	3	18
3081 MØTEGODTGJERSLE	45.802,00	56	57
3090 PENSJONSUTGIFTER	47.439,66	69	88
3093 FORSIKRING	1.556,80	1	3
3099 ARBEIDSGJEVARAVGIFT	75.327,96	70	108
Sum kontogruppe: 10 LØN OG SOSIALE UTGIFTER	696.496,68	629	1.093
Kontogruppe: 11 VARER/TENESTER SOM INNGÅR I PRODU			
3100 KONTORMATERIELL	9.746,00	6	7
3121 ARBEIDSKLEDE,VERNEUTSTYR	1.890,00	0	0
3124 BEVERTNING	3.400,18	5	8
3129 ANDRE FORBRUKSVARER OG TENESTER	3.354,20	0	3
3130 TELEFONUTGIFTER	24.954,30	18	22
3131 POST, BETALINGSFORMIDLING	3.609,20	3	3
3140 ANNONSERING, INFORMASJON	5.589,00	20	18
3150 KURS, OPPLÆRING	0,00	7	6
3160 REISEUTGIFTER, OPPGÅVEPLIKTIG	1.944,37	5	0
3170 REISEUTGIFTER, IKKJE OPPGÅVEPLIKTIG	5.835,79	2	8
3186 GRUPPEL-YRKESK-/ULYKKEFORSIKRING	3.793,00	15	9
3195 EIGEDOMSGEBYR	0,00	0	9
3199 ANDRE AVGIFTER GEBYR OG LISENSAR	0,00	0	21
3200 INVENTAR OG UTSTYR	15.591,40	0	0
3220 LEIGE/LEASING AV UTSTYR	3.438,60	7	8
3241 SERVICE-OG DRIFTSAVTALAR	33.468,96	32	67
3271 KONSULENTTENESTER	1.665,00	0	14
Sum kontogruppe: 11 VARER/TENESTER SOM INNGÅR I PR	118.280,00	120	204
Kontogruppe: 13 TENESTER SOM ERSTATTER EIGEN PROC			
3370 KJØP AV TENESTER FRÅ PRIVATE/ANDRE	11.334,50	6	0
3382 INT.OVF. REKNESKAPSF. V/KOMM.	100.000,00	0	0
Sum kontogruppe: 13 TENESTER SOM ERSTATTER EIGEN F	111.334,50	6	0
Kontogruppe: 14 OVERFØRINGSUTGIFTER			
3429 MEIRVERDIAVGIFT DRIFT	24.304,85	0	46
Sum kontogruppe: 14 OVERFØRINGSUTGIFTER	24.304,85	0	46
Kontogruppe: 17 REFUSJONAR			
3710 REFUSJON SJUKELØN	-55.553,00	0	-292
3729 MOMSKOMPENSASJON DRIFT	-24.304,85	0	-46
Sum kontogruppe: 17 REFUSJONAR	-79.857,85	0	-338
Kontogruppe: 18 OVERFØRINGSINNTEKTER			
3882 INT.OVF. REKNESKAPSF. V/KOMM.	-100.000,00	0	0
Sum kontogruppe: 18 OVERFØRINGSINNTEKTER	-100.000,00	0	0
Sum ansvar: 7010 Administrasjon	770.558,18	755	1.005



4 INGEBRIGT DAVIK HUSET KF (2009) - År/Periode 2009 1 - 12 22.02.2010

	Regnskap 2009	Buds(end) 2009	Regnskap 2008
Ansvar: 7020 Kulturhus			
Kontogruppe: 10 LØN OG SOSIALE UTGIFTER			
3010 LØN I FASTE STILLINGAR	236.124,41	380	281
3014 TILLEGG UBEKVEM ARBEIDSTID	7.440,16	0	0
3030 EKSTRAHJELP, ENGASJEMENT, MIDL.TILSETTE	672,00	0	0
3059 ANNA LØN OG GODTGJERSLE	7.946,58	3	5
3090 PENSJONSUTGIFTER	20.910,83	61	28
3093 FORSIKRING	1.736,15	1	1
3099 ARBEIDSGJEVARAVGIFT	39.267,63	54	40
Sum kontogruppe: 10 LØN OG SOSIALE UTGIFTER	314.097,76	499	354
Kontogruppe: 11 VARER/TENESTER SOM INNGÅR I PRODUI			
3100 KONTORMATERIELL	2.722,52	0	1
3120 REINHALDSARTIKLAR	11.355,00	0	9
3124 BEVERTNING	47.687,59	35	63
3125 LEIGE AV ARTISTAR M M	628.223,21	400	718
3129 ANDRE FORBRUKSVARER OG TENESTER	12.309,12	0	13
3130 TELEFONUTGIFTER	8.751,66	10	11
3131 POST, BETALINGSFORMIDLING	3.783,05	0	0
3140 ANNONSERING, INFORMASJON	184.748,31	160	200
3150 KURS, OPPLÆRING	11.055,00	16	6
3160 REISEUTGIFTER, OPPGÅVEPLIKTIG	3.072,40	8	8
3170 REISEUTGIFTER, IKKJE OPPGÅVEPLIKTIG	4.521,26	2	4
3180 ENERGI	268.389,56	253	292
3185 SKADE-/ANSVARSFORSIKRING	30.046,00	0	30
3186 GRUPPEL-YRKESK-/ULYKKEFORSIKRING	11.112,45	0	0
3195 EIGEDOMSGEBYR	14.587,11	26	26
3199 ANDRE AVGIFTER GEBYR OG LISENSAR	97.849,34	30	56
3200 INVENTAR OG UTSTYR	94.861,40	100	109
3220 LEIGE/LEASING AV UTSTYR	33.374,63	140	101
3230 VEDLIKEHALD, BYGGETENESTER	0,00	0	2
3240 REPARASJON/VEDLIKEHALD UTSTYR	33.729,68	23	23
3241 SERVICE-OG DRIFTSAVTALAR	29.798,20	24	66
3250 MATERIALER TIL VEDLIKEHALD	0,00	0	2
3260 VASKERI,REINHOLD OG VAKTMEISTERTENESTER	0,00	261	0
3271 KONSULENTTENESTER	45.270,00	0	67
Sum kontogruppe: 11 VARER/TENESTER SOM INNGÅR I PR	1.577.247,49	1.488	1.808
Kontogruppe: 13 TENESTER SOM ERSTATTER EIGEN PROC			
3370 KJØP AV TENESTER FRÅ PRIVATE/ANDRE	0,00	40	0
3380 KJØP FRÅ KOMMUNEN(VAKTM./REINHOLD)	264.650,00	0	261
Sum kontogruppe: 13 TENESTER SOM ERSTATTER EIGEN F	264.650,00	40	261
Kontogruppe: 14 OVERFØRINGSUTGIFTER			
3429 MEIRVERDIAVGIFT DRIFT	171.681,82	0	201
Sum kontogruppe: 14 OVERFØRINGSUTGIFTER	171.681,82	0	201
Kontogruppe: 16 SALSINNTEKTER			
3620 BILETTINNTEKTER,AVGIFTSFRI	-608.210,00	-550	-627
Sum kontogruppe: 16 SALSINNTEKTER	-608.210,00	-550	-627
Kontogruppe: 17 REFUSJONAR			
3700 REFUSJON FRÅ STATEN	-7.040,00	0	0
3710 REFUSJON SJUKELØN	-33.611,00	0	0
3729 MOMSKOMPENSASJON DRIFT	-171.681,82	0	-201
3779 REFUSJON FRÅ ANDRE	-397.829,00	-360	-275
Sum kontogruppe: 17 REFUSJONAR	-610.161,82	-360	-477
Sum ansvar: 7020 Kulturhus	1.109.305,25	1.117	1.522



Driftsrekneskap 2009

4 INGEBRIGT DAVIK HUSET KF (2009) - År/Periode 2009 1 - 12

22.02.2010

	Regnskap 2009	Buds(end) 2009	Regnskap 2008
Ansvar: 7030 Kino			
Kontogruppe: 10 LØN OG SOSIALE UTGIFTER			
3010 LØN I FASTE STILLINGAR	31.318,02	0	16
3030 EKSTRAHJELP, ENGASJEMENT, MIDL.TILSETTE	560,00	23	0
3059 ANNA LØN OG GODTGJERSLE	12.262,35	0	0
3093 FORSIKRING	667,20	0	0
3099 ARBEIDSGJEVARAVGIFT	6.656,25	4	2
Sum kontogruppe: 10 LØN OG SOSIALE UTGIFTER	51.463,82	27	18
Kontogruppe: 11 VARER/TENESTER SOM INNGÅR I PRODUI			
3100 KONTORMATERIELL	0,00	0	1
3119 KIOSKVARER	70.630,63	60	63
3121 ARBEIDSKLEDE,VERNEUTSTYR	0,00	0	0
3124 BEVERTNING	576,38	4	2
3126 FRAKT PÅ FILM	31.903,00	30	29
3127 LEIGE AV FILM	115.308,62	100	114
3129 ANDRE FORBRUKSVARER OG TENESTER	0,00	0	6
3130 TELEFONUTGIFTER	2.881,16	0	1
3131 POST, BETALINGSFORMIDLING	0,00	0	5
3140 ANNONSERING, INFORMASJON	64.253,00	50	66
3150 KURS, OPPLÆRING	1.000,00	7	6
3160 REISEUTGIFTER, OPPGÅVEPLIKTIG	913,50	5	0
3165 TELEFONGODTGJERSLE	2.400,00	3	0
3170 REISEUTGIFTER, IKKJE OPPGÅVEPLIKTIG	2.782,66	1	2
3180 ENERGI	30.819,51	29	33
3195 EIGEDOMSGEBYR	1.661,06	3	4
3199 ANDRE AVGIFTER GEBYR OG LISENSAR	30.426,00	10	35
3200 INVENTAR OG UTSTYR	5.117,36	20	5
3230 VEDLIKEHALD, BYGGETENESTER	0,00	0	9
3240 REPARASJON/VEDLIKEHALD UTSTYR	11.461,24	30	21
3241 SERVICE-OG DRIFTSAVTALAR	34.300,00	37	6
3250 MATERIALER TIL VEDLIKEHALD	0,00	0	1
3260 VASKERI,REINHALD OG VAKTMEISTERTENESTER	0,00	30	0
3271 KONSULENTTENESTER	0,00	0	7
Sum kontogruppe: 11 VARER/TENESTER SOM INNGÅR I PR	406.434,12	419	415
Kontogruppe: 13 TENESTER SOM ERSTATTER EIGEN PROD			
3380 KJØP FRÅ KOMMUNEN(VAKTM./REINHALD)	30.150,00	0	30
Sum kontogruppe: 13 TENESTER SOM ERSTATTER EIGEN F	30.150,00	0	30
Kontogruppe: 16 SALSINNTEKTER			
3650 BILETTINNTEKTER, AVGIFTSPLIKTIG	-262.484,71	-250	-292
3651 REKNLAMEINNTEKTER, AVG.PLIKTIG	-23.344,00	-30	-28
3659 ANNA AVGIFTSPLIKTIG SAL(KANTINE)	-91.528,95	-95	-99
Sum kontogruppe: 16 SALSINNTEKTER	-377.357,66	-375	-419
Kontogruppe: 17 REFUSJONAR			
3779 REFUSJON FRÅ ANDRE	-39.671,65	0	0
Sum kontogruppe: 17 REFUSJONAR	-39.671,65	0	0
Sum ansvar: 7030 Kino	71.018,63	71	44



- 6 -
Driftsrekneskap 2009

4 INGEBRIGT DAVIK HUSET KF (2009) - År/Periode 2009 1 - 12

22.02.2010

	Regnskap 2009	Buds(end) 2009	Regnskap 2008
Ansvar: 7040 Ungdomsarena			
Kontogruppe: 10 LØN OG SOSIALE UTGIFTER			
3010 LØN I FASTE STILLINGAR	440.841,30	576	401
3014 TILLEGG UBEKVEM ARBEIDSTID	31.740,24	0	0
3040 LØN OVERTID	46.415,47	0	0
3059 ANNA LØN OG GODTGJERSLE	3.200,00	6	2
3090 PENSJONSUTGIFTER	39.367,40	92	40
3093 FORSIKRING	1.890,40	2	2
3099 ARBEIDSGJEVARAVGIFT	80.199,52	81	63
Sum kontogruppe: 10 LØN OG SOSIALE UTGIFTER	643.654,33	757	509
Kontogruppe: 11 VARER/TENESTER SOM INNGÅR I PRODUI			
3100 KONTORMATERIELL	0,00	5	2
3120 REINHALDSARTIKLAR	0,00	1	0
3121 ARBEIDSKLEDE,VERNEUTSTYR	0,00	0	0
3124 BEVERTNING	2.590,10	3	3
3125 LEIGE AV ARTISTAR M M	225.917,69	170	40
3129 ANDRE FORBRUKSVARER OG TENESTER	3.536,90	10	9
3130 TELEFONUTGIFTER	10.795,59	10	10
3131 POST, BETALINGSFORMIDLING	0,00	1	0
3140 ANNONSERING, INFORMASJON	5.050,00	57	26
3150 KURS, OPPLÆRING	4.827,67	14	6
3160 REISEUTGIFTER, OPPGÅVEPLIKTIG	7.085,20	11	11
3170 REISEUTGIFTER, IKKJE OPPGÅVEPLIKTIG	1.463,58	3	2
3171 SKYSS-TRANSPORT	609,26	150	0
3180 ENERGI	43.014,12	39	40
3186 GRUPPEL-/YRKESK-/ULYKKEFORSIKRING	0,00	3	0
3195 EIGEDOMSGBYR	2.216,22	4	5
3199 ANDRE AVGIFTER GEBYR OG LISENSAR	2.000,00	25	1
3200 INVENTAR OG UTSTYR	41.250,33	29	191
3220 LEIGE/LEASING AV UTSTYR	6.317,60	5	2
3230 VEDLIKEHALD, BYGGETENESTER	0,00	0	2
3240 REPARASJON/VEDLIKEHALD UTSTYR	850,00	5	0
3241 SERVICE-OG DRIFTSAVTALAR	0,00	0	4
3260 VASKERI,REINHOLD OG VAKTMEISTERTENESTER	0,00	42	0
3271 KONSULENTTENESTER	3.940,00	0	3
Sum kontogruppe: 11 VARER/TENESTER SOM INNGÅR I PR	361.464,26	587	358
Kontogruppe: 13 TENESTER SOM ERSTATTER EIGEN PROC			
3370 KJØP AV TENESTER FRÅ PRIVATE/ANDRE	0,00	40	0
3380 KJØP FRÅ KOMMUNEN(VAKTM./REINHOLD)	40.200,00	10	40
Sum kontogruppe: 13 TENESTER SOM ERSTATTER EIGEN F	40.200,00	50	40
Kontogruppe: 14 OVERFØRINGSUTGIFTER			
3429 MEIRVERDI AVGIFT DRIFT	34.619,80	0	72
Sum kontogruppe: 14 OVERFØRINGSUTGIFTER	34.619,80	0	72
Kontogruppe: 16 SALSINNEKTER			
3600 EIGENDELAR	0,00	-55	0
3620 BILETTINNEKTER,AVGIFTSFRI	0,00	-150	-27
3628 DIVERSE INNEKTER	-30.000,00	-60	0
Sum kontogruppe: 16 SALSINNEKTER	-30.000,00	-265	-27
Kontogruppe: 17 REFUSJONAR			
3700 REFUSJON FRÅ STATEN	-155.401,00	0	0
3729 MOMSKOMPENSASJON DRIFT	-34.619,80	0	-72
3779 REFUSJON FRÅ ANDRE	-62.265,64	-60	-91
Sum kontogruppe: 17 REFUSJONAR	-252.286,44	-60	-163
Sum ansvar: 7040 Ungdomsarena	797.651,95	1.069	789



Driftsrekneskap 2009

4 INGEBRIGT DAVIK HUSET KF (2009) - År/Periode 2009 1 - 12 22.02.2010

	Regnskap 2009	Buds(end) 2009	Regnskap 2008
Ansvar: 7090 Diverse			
Kontogruppe: 13 TENESTER SOM ERSTATTER EIGEN PROE			
3370 KJØP AV TENESTER FRÅ PRIVATE/ANDRE	401,00	0	0
Sum kontogruppe: 13 TENESTER SOM ERSTATTER EIGEN F	401,00	0	0
Kontogruppe: 15 FINANSUTGIFTER			
3530 DEKNING AV TIDLIGARE ÅRS UNDERSKOT	259.859,55	0	0
3580 REKNESKAPSMESSIG OVERSKOT	9.222,44	0	0
Sum kontogruppe: 15 FINANSUTGIFTER	269.081,99	0	0
Kontogruppe: 18 OVERFØRINGSINNTEKTER			
3880 OVERF.FRÅ EIGEN KOMMUNE	-2.132.000,00	-2.132	-2.132
3881 OVERF.FRÅ EIGEN KOMMUNE (EIGE BRUK)	-172.465,00	0	-229
3890 HOVUDSPONSORAR	-600.000,00	-800	-600
3891 DIVERSE SPONSORAR	-110.000,00	-80	-85
Sum kontogruppe: 18 OVERFØRINGSINNTEKTER	-3.014.465,00	-3.012	-3.046
Kontogruppe: 19 FINANSINNTEKTER			
3900 RENTEINNTEKTER BANKINNSKOT	-3.552,00	0	-6
3930 DISP. AV TIDLIGERE ÅRS OVERSKOT	0,00	0	-48
3980 REKNESKAPSMESSIG UNDERSKOT	0,00	0	-260
Sum kontogruppe: 19 FINANSINNTEKTER	-3.552,00	0	-314
Sum ansvar: 7090 Diverse	-2.748.534,01	-3.012	-3.360
TOTALT	0,00	0	0



Balanserekneskap 2009

4 INGEBRIGT DAVIK HUSET KF - 2009


22.02.2010

	Regnskap 2009	Regnskap 2008
EIENDELER		
Anleggsmidler	401,00	0,00
Aksjer og andeler	401,00	0,00
52170010 EIGENKAPITAL KLP	401,00	0,00
Pensjonsmidler	0,00	0,00
Omløpsmidler	937.497,25	521.437,29
Herav:		
Kortsiktige fordringer	539.743,79	277.820,76
51310010 MOMSKOMPENSASJON	59.116,99	45.380,54
51314010 OPPGJERSKONTO M.V.A.	29.964,93	46.127,22
51375050 OPPGJER DIALOG EXE AS	579,00	23.640,00
51375500 KUNDAR	45.640,00	62.518,00
51399050 YMSE INNBET. ETTER 31/12	404.442,87	100.155,00
Kasse, postgiro, bankinnskudd	397.753,46	243.616,53
51000010 KASSE	24.855,00	12.970,00
51000020 VEKSEKASSE	7.000,00	8.000,00
51020010 SPB.MØRE DRIFTSKTO. 3910.28.81102	301.179,46	169.568,53
51098010 SPB.MØRE SKATTETR.KTO. 3910.28.81137	64.719,00	53.078,00
SUM EIENDELER	937.898,25	521.437,29
EGENKAPITAL OG GJELD		
Egenkapital	9.623,44	-259.859,55
Herav:		
Regnskapsmessig mindreforbruk	9.222,44	0,00
55950010 REKNESKAPSOVERSKOT	9.222,44	0,00
Regnskapsmessig merforbruk	0,00	-259.859,55
55900010 REKNESKAPSUNDERSKOT	0,00	-259.859,55
Kapitalkonto	401,00	0,00
55990010 KAPITALKONTO	401,00	0,00
Langsiktig gjeld	0,00	0,00
Kortsiktig gjeld	928.274,81	781.296,84
Herav:		
Kassekredittlån	0,00	0,00
Annen kortsiktig gjeld	928.274,81	781.296,84
53214050 FORSKOTSTREKK	63.143,00	52.001,00
53214090 AVSETJ.KONTO.ARB.GJ.AVGIFT	35.504,00	28.564,00
53270010 KREDITORAR ARRANGEMENT	57.680,00	126.810,00
53275010 AVSETTE FERIEPENGAR	125.977,93	162.779,63
53275090 ARB.GJ.AVG.AV AVSETTE FERIEPENGAR	17.762,89	22.951,55
53299050 YMSE UTBET.ETTER 31/12	582.324,35	353.338,29
53299094 PENSJONSUTGIFTER	44.692,64	25.087,37
53299200 INETRIMSKONTO ARRANGEMENT	1.190,00	9.765,00
Premieavvik	0,00	0,00
SUM EGENKAPITAL OG GJELD	937.898,25	521.437,29

Brattvåg, den 31. desember 2009/15.februar 2010.

ÅRSMELDING 2009

INGEBRIGT DAVIK-HUSET KF



INNLEIING

Årsmeldinga for 2009 er inndelt i 4 områder:

1. KULTURHUS
2. KINO
3. BARN OG UNGE
4. UTSMYKKING

Verksemda

Ingebrigt Davik-huset KF er eit kommunalt føretak eigd av Haram Kommune. Selskapet skal vere ein samlande kulturinstitusjon for heile Haram Kommune, og driftar blant anna Haram Kino og UFO (UngdomsFritidsOrdninga), samt bidreg og tilrettelegg for andre kulturaktivitetar for bygdene i Haram. Tilbodet vårt inneheld både nasjonale og lokale innslag av ulikt profesjonalt nivå, og for alle aldersgrupper. Ingebrigt Davik-huset ligg i Brattvåg og er ein integrert del av Haramssenteret.

Ingebrigt Davik-huset opna i mars 2006 med tre gratis åpningsforestillingar for Haram Kommune sine innbyggjarar. I 2006 blei Haram kåra av NOKU (Norsk Kulturforum) til Årets kulturkommune i Møre og Romsdal på grunn av den store kultursatsinga i kommunen. Ingebrigt Davik-huset blei sterkt framheva i argumentasjonen for denne kåringa. Sidan vart vi kåra til det beste kulturhuset i regionen av Sunnmørsposten i 2008. I 2009 hadde vi urpremiere på den nye oppføringa av teaterstykket Taremareby iscenesatt av Teateret Vårt og skreven av Ingebrigt Davik. I den samanheng arrangerte Ingebrigt Davik-huset fylkets første maritime barnefestival, Taremarivalen.

Aktivitetsnivået

Aktivitetsnivået har vore veldig høgt også i 2009. Sett i samband med storleiken vår har vi langt fleire produksjonar på eit år enn dei fleste andre kulturhusa i vår kategori. Ikkje berre har vi fleire eigne produksjonar, men også det lokale kulturlivet blomstrar som aldri før og er med på å skape ein sydande kulturarena på Ingebrigt Davik-huset store deler av året.

Det er derimot framleis ei utfordring å drifte profesjonelt med så mange frivillige når låsesystemet framleis ikkje er på plass, og vi opplever stadig sviktande internett-tilgang. Dette er dei største tekniske utfordringane for 2010.

Når det gjeld øvrige utfordringar er nok mangelen på ressursar / ansatte den største administrative utfordringa for 2010. Vi har difor sett det naudsynt å redusere talet på eigne arrangement noko for 2010. Vi har også sett ein nedgang i besøket på eigne arrangement og innstillar oss difor etter marknaden med å kutte i eigne produksjonar. Det at sponsorbidraget frå våre hovudsponsorar har minka gjer også sitt til at vi er nøydd til å ha eit kostnadsfokus på eigne arrangement. Det er likevel i tråd med forventningane og planen at Ingebrigt Davik-huset skulle posisjonere seg med økonomisk hjelp av sine sponsorar dei første åra for deretter å kunne skru ned aktivitetsnivået etterkvart. Dei positive konsekvensane av dette er at dei lokale arrangementa får meir luft og at administrasjonen på ID-huset kan fokusere enda betre på å tilretteleggje for desse.

Brutto budsjetttramme

Brutto budsjetttramme for kulturhuset inkl. UFO var på kr 4.622.000,- jfr. regnskapsrapport av 12.03.10 med budsjett. Regnskapet for 2009 viser eit overskot på kr 9222,44 etter at underskotet for 2008 på 260.000,- var tatt inn att. Reelt gikk difor Ingebrigt Davik-huset om lag 270.000,- i overskot som følgje av sterkt kostnadsfokus. Sjå elles rekneskapsrapport for detaljar i høve resultat.

Totale inntekter for 2009 var 4.729.402,- inkludert tilskot frå Staten og refusjonar frå NAV (men ikkje MVA-kompensasjon).

Administrasjon

Ingebrigt Davik-huset KF vert administrert av daglig leiar Linn Cecilie Andresen, som hadde barselspermisjon i 2 månader av 2009. Steffen Blindheim vart ansatt som vikar for daglig leiar frå og med 1.februar 2008 og gjekk inn i ein stilling som produsent i 50% stilling frå og med 01.03.2009. Steffen Blindheim slutta derimot 1.juli då han fekk jobb i Sverige. På Ingebrigt Davik-huset var det då to årsverk med teknisk ansvarleg frå 1.feb til 1.juli, i tillegg til eit og eit halvt årsverk på Ungdomsarenaen "UFO". Resten av året var det altså eit og eit halvt årsverk på Ingebrigt Davik-huset med teknisk ansvarleg i halv stilling som ansvarleg for kinoen og teknikken på huset.

Styret

Styret for Ingebrigt Davik-huset KF besto av: Bjørn Skjelten, leiar (personleg vara: Laila Rakvåg) fram til generalforsamlinga/kommunestyremøtet i juni då Randi W. Frisvoll, forhenværande nestleiar og representant for Haram Kommunestyre (personleg vara Martinus Løken) gjekk inn i rolla som førebels styreleiar. Dei andre i styret var Rune Fjørtoft, representant for næringslivet (personleg vara May Britt Løddøen) og Lars Kaggerud, representant for kulturlivet (personleg vara Audhild Haddal Holsvik). Valnemda som vart nedsatt av generalforsamlinga i juni lykkast ikkje finne nokon ny styreleiar i løpet av 2009. På grunn av utfordringane med å finne ny styreleiar, foreslår styret at ein for kommande periode innfører ein fast, årleg godtgjersle på kr 30.000, i tillegg kjem vanleg møtetgodtgjersle.

Eli Hellan Sandnes, representant for dei frivillege (personleg vara Emil Korsnes) og Kjell Arne Solem, representant for kulturlivet (personleg vara Helene Austbø Seth) vart på generalforsamlinga erstatta Turid Finnanger og Arild Eiken med dei same vararepresentantane. I 2009 har styret hatt 6 møter og 34 saker til behandling.

1 KULTURHUS

Besøk og økonomi

I 2009 vert det, forutan kino, arrangert 37 framsyningar/arrangement ved Ingebrigt Davik-huset med ei total omsetning på 1.167.955 kr. Av disse var 13 husets egne med 2262 besøkande og ei omsetning på 457.245 kr. I tillegg arrangerte huset gospelkonsert i Eidet kulturhall der vi hadde 505 besøkande og ein omsetning på heile 195.525 kr. Huset har følgjelig hatt eit besøk på 2767 og ein omsetning på 652.770 kr på egne kulturarrangement. UFO har dessutan arrangert multimedieverkstad og ungdomsutveksling. Utover dette vart det og selt 267 billetter til fire eksterne arrangement gjennom vårt billettsystem med ein omsetning på 47.370 kr.

Talet på treff/besøk på heimesida www.idhuset.no i 2009 har vore på heile 61 568. Noko som tydar på at nettsidene våre har halde eit stabilt og høgt besøk.

Ingebrigt Davik-huset fekk i 2009 eit tilskot på 2.132.000 kr frå Haram kommune. I tillegg betalte kommunen 172.465 kr til dekning av slitasje og utgifter i samanheng med bruk av huset, noko som inneber ein svak reduksjon frå 2008.

Av celebret besøk i 2009 må det nemnast at det var ein glede å ha kulturdronninga Åse Kleveland her i samband med Rikskonsertenes turne "Heile Noreg Syng". Ho opna konserten på vegne av Rikskonsertene og uttrykte glede og begeistring over det flotte kulturhuset vårt som har etablert seg så grundig på kort tid.

Aktivitet

Drifta i kulturhuset er basert på utstrakt frivillig arbeid i alle ledd og avdelingar. Servicetorget i kommunen har også ei sentral rolle som koordinator av utleige til kommunen. Dei to store sponsorane våre, Rolls-Royce Marine og Stx Europe, har også tilgang til bookingsystemet vårt og booker dermed sjølv lokale ved behov.

Vi har 10 frivillige i turnus som driv billettsal, åtte frivillige maskinistar og rundt 50 andre frivillige som fyller rollene som alt frå riggarar, vakter, bandkontaktar, vertar/vertinner osv. Våre frivillige utgjer til saman omlag eit månadsverk ved eit gjennomsnittleg stort arrangement på ID-huset. Totalt utgjer dette fem årsverk, ca. tre årsverk på Ingebrigt Davik-huset og to årsverk på kinoen.

Utleige

Kulturhuset har vore "storstove" for kommunale prosjekt og interkommunale samlingar av ulik karakter. Lokale har vore utleigd til førestillingar, kunstutstillingar, kurs, konferansar og andre møte. Både grunnskule, vidaregåande, kulturskule og kultursekken har nytta scene og salar. Det same gjeld lokale foreningar og næringsliv. At også nasjonale artistar av Øystein Sundes format vel å leige huset for å spele konsert, visar at vi er ein viktig konsertarena for vår region.

Fast aktivitet

Kulturhuset har stilt øvingslokale til disposisjon for lokalrevyen, seniordans (kvar veke), danseopplæring for store og små (kvar veke) og cheerleading, samt øvingar i regi av kulturskulen t.d. musikkøvingar for utviklingshemma i regi av den kommunale fritidsleiaren.

Studioet vart også opna for fast aktivitet og bandøvingar hausten 2009. Denne aktiviteten vert også styrt av frivillige ungdommelege eldsjeler. Studioet er no jamleg i bruk kvar uke, også i feriar.

Barn og unge

Kulturhuset har vore arena for barnehageforestillingar, skulearrangement og kulturskolekonsertar. Vidare har det vore teater og konsertar i samband med Den kulturelle skolesekken. I tillegg kjem enkelte barneførestillingar som er arrangerte av lokale lag og organisasjonar samt husets egne produksjonar tilrettelagt for denne gruppa. Ingebrigt Davik-huset inviterte blandt anna alle barnehageborna i kommunen til ei gratis teatersyning med HC Andersens eventyr i hovudrolla. Denne forestillinga vart spelt av Oslo familieteater og det var ein glede å sjå ein full storsal med små kulturentusiastar 21 april. Pippi forestillinga 7 mars var også ein stor suksess der barn frå heile kommunen stilte opp utkledd som Pippi.

Ikkje minst førte storsatsinga Taremareby og Taremarivalen til at ein kan kalle 2009 for Ingebrigt Davik-huset store "barne-år". Alle barnehagane og grunnskulane i kommunen var med i storsatsinga på Taremareby hausten 2009. Dei fekk alle kvar si cd med Taremaresongane som det øvte inn, og dei bidrog alle som ein til å gjere festivalen ein suksess og å skape den perfekte ramma rundt urpremiæ og forestillingane av Taremareby. Barnehagane laga kvar si versjon av Taremareby som vart utstilt i tredje etg. Desse fantastiske kunstverka besto av alt frå tova slott, til fargerike fiskar festa i garn. Heile andre etg. på huset var fylt med skulane sine bidrag som strakk seg frå tittekasser, eventyr, forskningsfunn og fargerike teikningar.

Sjå eige punkt om ungdomssatsinga "UFO" (Ungdomsfritidsordninga) som opna i mars 2008.

Haram kulturskule

Kulturskulen har vore ein viktig samarbeidspartnar for kulturhuset, og kulturhuset har vore ein viktig arena for kulturskulen også i år. Kulturskulen har arrangert 2 egne elevkonsertar (avslutningskonsertar før jul og sommar) samt at dei har bidratt på nokre av husets egne forestillingar. Blant anna bidrog dei i musikkstykket "Rasmus og verdens beste band" 12. mars, og dei spelte ein nydeleg konsert i samband med boklanseringa av "Det hende i Taremareby" under Taremarivalen.

Program

Nokre av høgdepunkta på programmet for 2009 var blant anna konserten med Elisabeth Andreassen og den nykåra nasjonale GP vinnaren Alexander Rybak. Konserten vart ei kjempeoppleving for dei framømte og også utafør salen venta det fans i alle aldrar for å få eit glimt av Noregs nye GP-stjerne. For den vaksne målgruppa var den utselde konserten med Øystein Sunde i september eit høgdepunkt. For kommunens ungdommar og unge vaksne var

bandet Lukestar i januar eit definitivt høgdepunkt saman med Minor Majority-konserten i november. Vi avslutta 2009 med å fylle Eidet kulturhall med over 500 tilskodarar og dei fantastiske englane frå Harlem Gospel Choir. Dette er hittil den største produksjonen vi har gjort både økonomisk, administrativt og med dei mest internasjonalt kjende artistane nokon sinne, så det var godt at det vart ein suksess på alle måtar.

PROGRAM 2009

<i>Dato</i>	<i>Arrangement</i>	<i>Kategori</i>	<i>Arrangør /leverandør</i>
Vår			
17.01.	Lukestar	ungdomskonsert	ID-huset
24.01	Zahid Ali	stand-up	ID-huset
13.02	Invasjon	teater	Teatret Vårt (?)
15.02	Zang med Brazz Brothers	konsert	Rikskonsertane
28.02	"Vi går om bord med Evert Taube	konsert	Ørskog trekkspelklubb
06.03	Elisabeth Andreassen og Rybak	konsert	ID-huset
07.03	Pippi Langstrømpe forestilling	barneteater	ID-huset
12.03	Rasmus og verdens beste band	familiekonsert
14.03	Jorunn Erdal og Brattvåg janitsjar	konsert	Brattvåg janitsjar
26.03	VAMP	konsert	ID-huset
17.04	Haram Revylag	revy	Haram Revylag
18.04	Haram Revylag	revy	Haram Revylag
21.04	En eventyrstund med HC Andersen	barneteater	ID-huset (gratis=) *
05.05	Lang dags ferd mot natt	teater	Teatret Vårt
Haust			
22.08	Knut lystad og Tom Mathisen	show	ID-huset
29.08	BRIIF	konsert	BRIIF
06.09	Øystein Sunde	konsert	Øystein Sunde
18.09	Storbandkveld med Sharp 9	AVLYST!	(samarbeidsprosjekt)
19.09	Haramsutstillinga 2009	kunstutstilling	Haram Kunstlag
20.09	Haramsutstillinga 2009	kunstutstilling	Haram Kunstlag
27.09	Artig og Artig	kabaret	ID-huset
02.10	Heroes & Zeros	AVLYST!	ID-huset og UFO
18.10	"De e mitt liv"	Ungdomsmusical	Brattvåg ungdomsskule
23.10	Boklansering av Kåre Haram biografi + opning av nisje	
29.10	Taretausene	korkonsert	Taretausene
01.11	Dag Arnesens "Norwegian song"	konsert	ID-huset
08.11	Yours truly	konsert	Yours Truly
12-15/11	Taremareby forestillingar	familieteater	Teatret Vårt
11-15/11	Taremarivalen	festival	ID-huset *
27.11	Minor Majority	konsert	ID-huset
06.12	Reisa til julestjerna	barneteater	UL Fram
12.12	Harlem Gospel Choir	konsert	ID-huset (arr. på Eidet)*

Totalt vert dette 32 arrangement (når ein tel Taremarivalen som eit arrangement sjølv om det var fleire arrangement under festivalen) fordelt på 16 konsertar (6 eigne), 10 teater/revy/kabaret/musikal framsyningar,

Årlege og/eller spesielle arrangement i 2009

17.mai-feiringa for Brattvåg vart som vanlig arrangert på huset. 17.mai-komiteen lånar huset og teknisk utstyr gratis denne dagen.

Taremarivalen vart fødd på Ingebrigt Davik-huset. Teatret Vårt og kulturavdelinga i Haram kommune i lag med dagleg leiar arbeida store delar av våren og hausten 2009 med å få til ein flott ramme og ein folkefest rundt premiera og forestillingane i Ingebrigt Davik-huset. I tillegg til å sette fokus på forestillinga og Ingebrigt Davik forsøkte vi også å rette fokus på miljøet i havet og kor viktig havet er for oss som lever langs kysten.

Festivalen vart ein stor suksess med over 500 born og vaksne i fiskestim gjennom gatene på opningsdagen. Festivalen vart opna av Torgunn Nerland leiar av kulturutvalet for Møre og Romsdal. Det påfølgande fiskoteket med servering på Ingebrigt Davik-huset vart ein utfordring i det at vi ikkje hadde forventa så mange folk, men dette vert tatt høgde for i årets festival. Av andre arrangement under Taremarivalen kan ein nemne boklansering av "Det hende i Taremareby", Tarekafé på fjørtofta, matiné med høgtlesing, song og forteljingar frå Ingebrigt Davik si familie, minifestilling på Brattvågsenteret av karakterane frå forestillinga og ikkje minst ein fantastisk premiefest i samband med teaterpremiera på stykket. Det skal også nemnast at næringslivet, lokalavisa og handelsstanden i kommunen i lag med serveringsstadane, gjorde sitt for å skape den rette maritime ramma rundt festivalen. Festivalkomiteen er i skrivande stund i ferd med å evaluere fjorårets festival og planlegge årets. Vi håper alle at dette kan verte eit årleg arrangement som kan knyte ein sterkare identitet til kommunen vår og dens kulturhistorie.

2 KINO

Det totale besøket på Haram Kino i 2009 var på 5097, dette er diverre ein nedgong på 326 besøkande på til saman 177 visningar som kun er to visningar færre enn i 2008.

Gjennomsnittsbesøket har derimot ikkje gått ned mykje men er på 29 besøkande for 2009 mens det var gjennomsnittleg 30 besøkande per forestilling i 2008. Dette tydar på at det har vore færre "gode" filmar men at dei som har vore har trekt fleire folk. Gjennomsnittsbesøket vårt på 29 tilskodarar er også gjennomsnittleg for kinoar på vår storleik og i vår region. Noko som kan forklare nedgongen i besøkande for 2009 var også at vi fekk færre premierar og filmene tok lengre tid før vi fekk dei, slik at vi hadde ei jamn lekkasje til Ålesunds kinoar. På slutten av 2009 fekk vi ein betre avtale med Film og Kino som har gjort at vi har fått fleire premierar allereie i 2010 og problemet vil vere fullstendig borte når vi vert digitalisert i 2010 for då kan vi få filmene samtidig med kinoane i Ålesund.

Utfordringa til Haram Kino var også i 2009 å drifte med kun frivillig personel (både som maskinistar og billettørar), ein tok difor inn ein av dei mest engasjerte frivillige som har vore med frå opninga av kinoen inn på engasjement i ei 25% stilling med ansvar for billettkiosken og kinoturnusen. Malin Longva var i dette engasjementet frå og med 1.september 2009, ei ordning som ga administrasjonen meir handlingsrom og mindre overtid.

Dei fleste billettane vert selt over internett, nærare bestemt to tredelar av salet. Omsetninga for Haram Kino (jfr rapport på Filmweb) visar 285.395 kr.

Kinotoppen for Haram Kino 2009

Film	ant. forest	besøk	brutto	netto	snittbesøk
Luftslottet som sprengtes	2	164	11245	10411,57	82
Bolt (Norsk versjon)	2	163	9190	8509,57	82
Knerten	3	238	16565	15338,22	79
Julenatt i Blåfjell	2	154	8720	8074,26	77
Hannah Montana; The Movie (norsk versjon)	6	279	15990	14806,22	47
Istid 3: Dinosaurerne kommer (norsk tale)	4	292	17280	16000,26	73
Max Manus	5	304	21900	20276,90	61
Jenta som lekte med ilden	4	188	14395	13328,13	47
Menn som hater kvinner	6	325	23445	21707,35	54
Madagaskar 2 (norsk versjon)	2	104	6430	5953,80	52
Se Opp (norske stemmer)	5	220	13180	12204,08	44

Kinobedrift	Forestillinger	Besøk	Omsetning	Snittbesøk
Sunnalsøra kino	705	17319	1195960	25
Eid komm. kino	246	9656	616.114	39
Haram kino	177	5097	285.395	29
Storfjord Kulturhus BA	158	5971	363.572	38
Stryn komm. kino	163	9773	627.635	60
Tomrefjord kino	39	1555	94.360	40
Ørskog kino	56	2686	148.840	48

Åndalsnes kino	257	7959	474.670	31
----------------	-----	------	---------	----

Arrangement og spesielle kinohendingar 2009

Vi prøver å sette fokus på enkelte filmar og premierer ved å lage ei ramme rundt premieren eller ved å sette dei inn i større samanhenger. Vi prøver også å finne nye samarbeidspartnarar som kan fronte kinotilbodet vårt på ein positiv måte.

Dei gongane vi får Noregspremierar (ca åtte i året) ruller vi ut den raude løparen vår og serverar gratis champagne(brus) i høge glas til tilskodarane. Eit godt eksempel på å sette ein film i ein større samanheng var t.d. med Knerten i forkant av Noregspremiera. Det er eit ønske at skulane meir aktivt skal bruke kinoen og film i undervisninga.

Dagleg leiar deltok på årsmøtet til Film og Kino våren 2009. Her fekk vi meir informasjon om den føreståande digitaliseringsprosessen som alle kinoar i Noreg skal igjennom i løpet av 2010. Like før jul vart avtalene for utrullinga skriven under for Haram Kino sin del. Utrullingsplanen som vart publisert av Film og Kino 22.04.2010 visar at Haram Kino vert planlagt digitalisert i løpet av November 2010 samtidig med Moa og Løvenvold som er kinoens fremste konkurrentar per i dag.

Kinoane i region vest vil digitaliserast i løpet av et kortare tidsrom fordi deira leverandør berre har ein region. I arbeidet med utrullingsplanen har vi forsøkt å ivareta så mange omsyn som mulig. Kinoar som ligger i områder med konkurranse vil bli digitalisert nokolunde samtidig for å unngå uheldige konkurransemessige konsekvensar.

Kinoreklame

Norsk Kinoreklame med avdeling i Ørsta sel kinoreklame i slideformat for Haram Kino som dei har gjort sidan oppstarten i 2006. Reklamen blir vist før kvar kinoforestilling, samt ute i foajeen på to store flatskjermer. Dette gav kinoen ei inntekt på ca. kr 30.000 for 2009 (same beløp som for 2008).

3 BARN OG UNGE

“UFO”

Kommunestyret vedtok i juni 2007 å opprette ungdomsarenaen, seinare døyppt til “UFO” (“UngdomsFritidsOrdninga”). Ungdomsarenaen har sitt eige ungdomsstyre, og desse representerer store delar av Haram kommune.

Ungdomsstyret består av tre jenter og tre gutter, totalt er det tre varamedlemmar.

Styret hadde sju styremøter og eit allmøte i 2009. Dei planlegg og lagar turnus for aktiviteten på UFO, arbeider med å tilretteleggje for at ungdom frå heile Haram kan nyte tilbodet. Dei arrangerer også aktivitetar for yngre barn. Vidare arbeider dei med å få ut informasjon om UFO gjennom internett og brosjyrer.

UFO har fast opningstid torsdagar og søndagar heile skuleåret.

I November var det nytt allmøte og UFO fekk nytt styre. Nå består ungdomsstyret av tre gutter og to jenter.

I tillegg til dette har UFO arrangert følgjande særlege arrangement med eigne besøkstal: fredagsdisko / laurdagsdisko (fem gongar), to rusfrie konsertar for ungdom og juleverkstad.

UFO ved aktivitetsleiar har via ”Aktiv ungdom program” arrangert gruppeutveksling for ungdom frå fem forskjellige land. 25 unge og vaksne var aktive deltakarar. Vi var ei veke i Noreg busett på Fjærtofta der vi tok opp tema som Europeisk medborgarskap og Demokrati. Utvekslinga blei i sin heilhet dekt av Aktiv ungdoms sine EU midlar. Ungdom kunne delta både som aktive deltakarar og hjelparar. Vi hadde diskotek, paneldebatt med politikarar og workshop-dagar.

Vi søkte og fekk innvilga støtte frå Ungdom og fritid og fekk midlar til studio-, lys- og lydkurs. Det var ulike ungdommar tilstades på dei ulike sekvensane av kurset og i desember tok vi med dei til ekskursjon hos Operahuset og Chateau Neuf kor vi fekk sjå kor det tekniske fungerte der.

MC-dag blei og arrangert av UFO og samla vel 100 entusiastiske ungdommar og vaksne til ein kveld fylt med fart og moro. Med Skodje Trialklubb sin oppvisning ble det mykje moro. Vi fekk støtte til dette ved Trafikktryggingsutvalet i fylket.

I mai arrangerte vi media-dager for unge i Haram. Her fekk vi besøk av Oasen Studio som tok utgangspunkt i utstyret vi har her ved UFO og lært ungdommane å nytte dei. Vi laga animasjonsfilmar, små reklamesnuttar og bildeseriar.

Starta fotogruppe annakvart tysdag som eitt resultat av Mediedagane.

Og vi har no ope studio av og med ungdommane som eit resultat av lys, lyd og studio kurset.

I mai hadde vi den fyrste innspelinga i studioet.

Haram ungdomsråd

Aktivitetsleiar ved UFO er også koordinator for ungdomsrådet i kommunen. Ungdomsrådet

hadde ni møter i 2009. Haram ungdomsråd arbeider med saker som dei finn har interesse for unge i Haram, eller som utval og andre ber dei om å uttale seg om. I 2009 har dei arbeid med å få endra vedtektene for Haram ungdomsråd spesielt. Og dei var tungt inne i ungdoms-utvekslinga både i forkant og undervegs. Haram ungdomsråd deltok og på Ungdommens fylkesting.

Eksempel på saker er:

Symjehallar, Heim for ein 50 lapp, vedtekter for fylkesting og ungdomspanel, ordninga med kulturkort og ungdomsmidlar. I tillegg har dei hatt gode diskusjonar rundt: Fotgjengarfelt i Haram og kollektiv transport.

4 UTSMYKKING

Utsmykkingskomiteen

Utsmykkingskomiteen for (utsmykking av) Ingebrigt Davik-huset hadde følgjande samansetnad også i 2009:

Ståle Skålbones (leiar), Aagot Baade Skjelten, Anlaug Kvalsund, Inger Sønderland, Ingrun Gudbrandsen og kulturkonsulent Frode Synnes som har hadde ein sekretærfunksjon fram til han slutta som kulturkonsulent i august 2009.

Dette er utsmykningskomiteen sitt arbeid i 2009:

- Kjøpte nye planter konferansesal, 2.etg.
- Sikring av M L Davik-bilde, plexiglas. 1.etg
- Plakat m/ bilde på plexiglas om Ingebrigt Davik, i vindfanget, 1.etg

Brattvåg, 27. april 2010

Linn Cecilie Andresen
Dagleg leiar

Randi W. Frisvoll
Styreleiar

Rune Fjørtoft
Nestleiar

Lars Kaggerud
Styremedlem

Trude Finnanger
Styremedlem

Arild Eiken
Styremedlem